

Møteprotokoll

Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 26.01.2026

Møtetid:

13:00 - 15:30

Møtestad: Vikjao møterom

Saksnr.:

001/26 – 005/26

Følgjande medleamar møtte	Parti
Dagfinn Otterskred	H
Harald Even Fosse	
Kjell Bergfjord	
Marit Pettersen	H
Oddvar Tryti	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Brita Sofie Engum	
Eivind Rinde	
Oddveig Fimreite	
Werner Madsgård	AP

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Dagfinn Otterskred	H

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Leiar i Eldrerådet Oddvar Tryti
Frå adm. møtte:	Sekretær Hilde Gunn Hellen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
002/26	Referatsaker
003/26	Orienteringssak til møte i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne 26.01.26.
004/26	Spørsmål/ymse
005/26	Innspel til eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne



001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka:

26.01.2026 Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka: Marit Pettersen og Kjell Bergfjord

ELDFUNK - 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka: Marit Pettersen og Kjell Bergfjord.

002/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

26.01.2026 Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Det var ikkje handsama referatsaker i møte den 26.01.26.

ELDFUNK - 002/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

003/26: Orienteringssak til møte i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne 26.01.26.

Kommunedirektørn si tilråding

Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitande.

26.01.2026 Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Tenesteleiar institusjonstenester Lilly Nesse orienterte om kok-kjøl metoden. Ein produksjonsmetode der maten vert tilbereda, hurtig nedkjølt og oppbevart kjølig fram til servering. Ved servering vert maten varma opp att. Fungert bra hittil, mykje å setja seg inn i. Utlevert mat for helga før helg, og oppbevarast heime fram til dei skal ete den. Meir fleksibilitet, ein vel sjølv kor tid ein vel å eta, og for fleksibilitet for heimetenesta i forhold til dei som må ha hjelp til oppvarming. Mindre porsjonar kan varmast i mikroen, med vassdamp eller i dampovn - meir fleksibelt.



Det nye kjøkkenet har medført ein del omstilling for kjøkkenpersonalet med tanke på måten ein planlegg og arbeidar på. Lengre høgtider krev planlegging frå pleieavdeling, og logistikk med tanke på vareoppfylling og oppvask av større utstyr. Haldbarheit omkring 3 veker, dette krev godkjend merkesystem.

Kjøkkenet lagar ulike typar diettmat, slik som findelt, berika mat, diabeteskost, glutenfri kost med meir. Bemanninga er per i dag to kokkar i 100% og ein kjøkkenassistent i 100%. Ein har i tillegg ein 20% stilling som ligg inne i drifttilpassingsprosjektet som ein stilling ein kanskje skal ta vekk. Dette er ikkje heilt avklart enno, men det kan sjå ut som ein på sikt kanskje kan klara seg utan.

Leiar helse og rehabilitering Hilde Tenold orienterte om omsorgsbustader Vik helse og omsorgssenter, ferdig våren 2026. Nærmast seg sluttspurten. Overtek bygningsmassen ca.

1.3.26. Gi gode og rettferdig tenester til innbyggjarane i Vik kommune. Dreie tenestene mot mindre institusjonsplassar. Auka i tal omsorgsbustader og færre sjukeheimsplassar.

Bør legge til rette for auka aktivitet på sjukeheimen, for eksempel ved at bebuarane kan treffa heimebuande eldre. Har per i dag aktivitet i form av onsdagskafé og sangstund i regi røde kors, andakter, kulturskulen deltek med konsertar inn i mellom, og ein har andre kulturelle arrangement som er ope for både bebuarar inne og ute.

Kjøkenet på VHO har god kapasitet, og er eit svært godt utstyrt kjøkken. Det kan vera aktuelt å sjå på utviding av tilbod i framtida. Det er mogelegheiter og kjøkkenlokala har kapasitet til meir aktivitet, men det kjem an på korleis ein organiserer og kva bemanning ein har.

Samfunns- og arealplanleggjar Karen Weichert, orienterte om mål og strategi i ny samfunnsdel til kommuneplan.

Visjonen for samfunnsdel til kommuneplan - "Kommunen for alle - her vil eg leva, her vil eg bu!"

Hovudmåla i planen har vi snakka om i tidlegare møte i rådet.

Planmåla for oppvekst må primært arbeidast inn i den overordna samfunnsdelplanen slik at hovudmåla i sektoren kjem tydeleg fram under satsingsområdet "Barn/unge". Viktige satsingar innanfor mobbing, fråver, ikt og andre satsingsområde som skulane og barnehagane måtte ha, må gjerast synlege gjennom hovudplanverket slik at både brukarane og innbyggjarane i kommunen veit kva satsingsområda er. Alternativt må oppvekstplanen frå 2015 skrotast og erstattast med ein ny sektorplan for oppvekst. Planane skal vera styringsverktøy.

Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som viktig at ein styrkar stillingar innan kultur, og at kommunen stimulerar til ei breiare og fleirsidig kultursatsing. Einslege eldre bur i store hus og betalar høg eigedomsskatt, dette kan vera utfordrande økonomisk. Administrasjonen bør jobbe med å fullføre bustad sosial plan, slik at ein har gode alternative butilbod.

Gjenbruk er viktig, reparere kle og sko, elektrisk utstyr og liknande. Mange av dei eldre kan reparere ting, dei unge har ikkje samme kunnskap. Tilrettelegging for treffpunkt mellom generasjonar er viktig.

Målet er å ha eit ope, trygt og inkluderande samfunn der folk trivest.



Fleire ladestasjonar i kommunen. Posten må ut til alle små grendene i kommunen. Betre kollektivtilbod. Må arbeide med å få på plass ei tidleg ferje slik at ein rekk morgonflyet frå Haukåsen.

Vere påpasseleg med alle interkommunale samarbeid slik at vi ikkje mister for mange arbeidsplassar i Vik. Når tilsette som bur i Vik sluttar og jobben vert utlyst vert det ikkje denne utlyst med arbeidsplass i Vik. Ein bør få fleire ut i arbeid via tilrettelegging og utprøving av arbeid. Viktig at kommunen legg til rette for det.

Opprette "Gjestebod" (diskusjonsgrupper som melder inn felles innspel).

Målet med samfunnsdelen til kommuneplane bør vere å ha eit ope, trygt og inkluderande samfunn der folk trivest.

Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne planlegg eit møte til når kommuneplanen sin samfunnsdelplan vert lagt ut på høyring.

ELDFUNK - 003/26 Vedtak:

Handsaminga i rådet vert teke til vitande.

004/26: Spørsmål/ymse

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vart teke til orientering.

26.01.2026 Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer ei drøfting om den kulturelle spaserstokken og samarbeid med frivillegheta. Invitere leiar frivillegsentralen Ranveig Turvoll og musikkskulerektor Dora David til neste møte i rådet. Kjell Bergfjord vil i neste møte orientere om møte han var på i Oslo. Viktige tema var framtida til Posten, kollektivtransport og ikkje minst beredskap for eldre.

ELDFUNK - 004/26 Vedtak:

Innspel i saka vert teke til orientering.

005/26: Innspel til eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan innstilling.

26.01.2026 Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Ingen innspel frå rådet.



ELDFUNK - 005/26 Vedtak:
Ingen innspel frå rådet.

